

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato	12/09/2023
Vår referanse	2023/57594-10
Dykkar referanse	23/1427 - 23/19473
Sakshandsamar	Peter Forras
E-post	Peter.Forras@vlfk.no
Telefon	

Mellombels kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon - riving og oppføring av våningshus - gnr. 13 bnr. 1 - Lonevåg - Osterøy kommune

Saka gjeld søknad om riving av eldre våningshus på gnr. 13 bnr. 1, i Osterøy kommune. Saka er ikkje tilstrekkeleg opplyst. For at Vestland fylkeskommune skal kunne gje kulturminnefagleg fråsegn i denne saka, treng vi meir dokumentasjon.

Eigedomen ligg i eit uregulert område sett av til LNFR i Kommuneplanen sin arealdel for Osterøy 2011-2023. Bygninga er eit SEFRAK-registrert hus frå før 1850 og er meldepliktig etter Kulturminnelova § 25. Søknaden om riving vert grunngeve med ønskje om heving av bustandard. Det er ikkje gjort vurderingar kring utviding/tilbygging til huset, som kan bevare huset samstundes som ein kan oppgradera butilhøva og disponibelt bruksareal. Vi kan ikkje sjå at alternativ til riving er greidd ut i saka, slik at tap av kulturminne vert unngått.

Våningshuset er ein eldre gardsbygning i eit godt bevart eldre kulturlandskap. Sefrakregistrering syner at det kan vere ei lemstove som vart oppført i samband med utskiftinga. Deler av tømmeret skal vere frå 1700-talet. Lemstover er ein regional viktig bygnadstype som er truga av riving og vert sjeldnare og sjeldnare. Derfor må det etter vår vurdering vere tungtvegande grunnar til at riving kan akseptast. Det er ikkje dokumentert at bygnaden er i så dårleg stand at den ikkje kan brukast vidare som ein del av ei utviding. Vi rår til at alternativ med bevaring vert betre opplyst i søknaden før det vert fatta endeleg avgjersle i saka.

Vi ønskjer samstundes informasjon om Osterøy kommune sine eigne kulturminnefaglege vurderingar i saka. Elles vil vi vise til at Osterøy kommune for tida arbeidar med ein ny arealdel for KPA, og at det er satt i gang eit arbeid med ein kulturmiljøplan for kommunen. Eit av tema i denne planen vert i følgje forslag til planprogram lagt ut i mars 0223 særskilt viktige tidsperiodar og tematiske områder i Osterøy. Eit slikt særskilt område er nettopp gardsdrifta, utskiftinga og danninga av lemstova som ei sentral bygnadstype etter kring 1850. Vi ber også om at rivningssakar vurderast nøye i lys av nye nasjonale signal om berekrafta knytt til kulturminna.

Vi viser elles til våre nettsider for kva opplysningar vi treng. Her er link til dette:
<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/kva-saker-skal-sendast-til-fylkeskommunen/>

Vår førespurnad om ytterlegare dokumentasjon er i tråd med krava til søknad om løyve til tiltak etter byggesaksforskrifta (SAK 10) § 5-4, første og tredje ledd, heimla i plan- og bygningslova §§ 20-2 og 20-4.

Vestland fylkeskommune vil gi endeleg fråsegn når saka er tilstrekkeleg opplyst. Vi ber om at kommunen ikkje gir løyve til omsøkt tiltak før endeleg kulturminnefagleg fråsegn ligg føre.

Med helsing

Postadresse	Telefon	E-post	Heimeside	EHF-Fakturaadr.	Organisasjonsnr.
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632

Karoline Hareide Breivik

leiar

KFO - Arealplan

Peter Forras

seniorrådgjevar

KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift